



Fræna kommune
Teknisk forvaltning
Plan

Grunneigarar/interessentar
følgje vedlagde liste

Administrativt vedtak
Delegert plansak - nr. 18/2010

Dykkar ref:

Vår ref
2010/1885-3

Saksbehandlar
Wenche Lyngstad

Dato
28.09.2010

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

**Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan VARHOL
INDUSTRIOMRÅDE, slik det går fram av planutsnitt datert 20.08.10, blir vedteke.**

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen.

Dette må skje innan tre - 3 - veker etter denne kunngjeringa. Klaga må vere skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast til det faste utval for plansaker (PLØK) som kan gjere om vedtaket, eller sende den vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Med helsing

Rune Iversen
plan- og bygningssjef

Wenche Johanson Lyngstad
sakshandsamar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen	Kommunehuset	712 68 100	4100 07 20001
E-post:		Telefaks	Org.nr
postmottak@frana.kommune.no	www.frana.kommune.no	712 68 190	845 241 112

Delegert plansak - nr. 18/2010 (vedlegg til brev, melding om vedtak)

MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING

Reguleringsplan: VARHOL INDUSTRIOMRÅDE
Vedteke / stadfesta: 22.04.91
Planident: 91089

Bakgrunn :

I samband med utbygging av Varhol industriområde ønskjer Istad Nett AS å sette opp ein nettstasjon. Dei ønskjer området så stort at det er plass til nettstasjonen, ein parkeringsplass og at tomta er 1 m større ein bygget + parkeringsplassen.

Med bakgrunn i dette har Fræna kommune motteke ein søknad med spørsmål om å gjere ei mindre vesentleg reguleringsendring av vedteken reguleringsplan for VARHOL INDUSTRIOMRÅDE. Planen vart vedteken i kommunestyret 22.04.91.

Formålet med vedteken plan:

Å legge til rette for etablering av industribedrifter i området.

Formålet med endringa:

Å regulere inn ei tomt med plass til ein nettstasjon og parkering slik vedlagde planutsnitt – nytt forslag datert 20.08.10 viser.

Forslaget til endring har vore sendt til berørte grunneigarar, sektorstyresmakter og andre interessentar for uttale, jamfør Plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd.

Merknader:

Fræna kommune har ikkje motteke merknader til utsending av førehandsvarsel datert 20.08.10, med kartutsnitt datert same dato.

Jamfør § 12-14 i Plan- og bygningslova og i medhald av reglement for delegering av mynde i Fræna kommune gjer plan- og bygningssjefen slikt vedtak:

Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring for reguleringsplan VARHOL INDUSTRIOMRÅDE, slik det går fram av planutsnitt datert 20.08.10, blir vedteke.